



ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale til oppstart - Austrheim - 160/117 - Lauvøy - hytter og naust - reguleringsplan

Vi viser til varsel om oppstart av reguleringsplan for Lauvøy gnr. 160 bnr. 117. Formålet med planen er å legge til rette for bygging av 4-6 hytter i allereie etablert hyttefelt på Lauvøy, samt etablering av to nye naust ved eksisterande naust i vik i sør.

I kommuneplanen er område satt av til fritidsbustad. Det er også lagt inn ein byggegrense mot sjø i kommuneplanen.

Det ser ut til at planforslaget vil vere i strid med byggegrense mot sjø. Nye naust vil vere i strid med både byggegrense og formål i kommuneplanen.

Statsforvaltaren si vurdering

Byggegrensa mot sjø vart konkret vurdert i kommuneplanprosessen. Vi rår til at det ikkje planleggast i strid med denne.

Strandsone vil vere eit svært viktig tema i vidare planarbeid. [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø](#) må leggast til grunn i vidare arbeid.

Det er viktig at ein i planarbeidet gjer greie for strandsoneverdiane i området, og planen sine verknad på desse verdiane. Planen må gjere greie for ålmenta si tilgjenge til sjøen og strandsona, og planen må sikre dette på best mogleg måte. Det er også særskilt viktig med god landskapstilpassing. Både landskap, grønstruktur og naturmangfald er viktige strandsoneinteresser som må ivaretakast i planarbeidet. I SPR for strandsone står det mellom anna:

«Landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevelser og kilde til identitet og livskvalitet for innbyggerne. Ved planlegging må det tas hensyn til å bevare landskapskvaliteter og å tilpasse det bygde miljø til omgivelsene. Eventuelle nye tiltak, også tiltak for å forbedre tilgjengeligheten for allmennheten, må tilpasses og ta hensyn til landskap, kulturminner og naturmangfold.»



Statsforvaltaren minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Austrheim kommune

Postboks 7900
Kommunehuset

5020
5943

BERGEN
AUSTRHEIM